

# SENIORNETT EID

## Styringsgruppa

### ÅRSMELDING FRÅ SENIORNETT EID FRÅ 09.SEPTEMBER TIL 31.12.2011.

Til skipingsmøtet 9.sept. var det godt over 20 personar som hadde meldt seg på til å vere med i klubben . Ved å bruke lokala Kringla-Eid Frivilligsentral stettar vi krava til å skipe ein senoirnettklubb som Seniornett Noreg har sett.

Det vart valt ei styringsgruppe som styrer klubben fram til over nyttår. Følgjande vart valt: Marit Botn Lefdal, Sigurd Rønnekleiv, Wilhelm Nitter-Thorsen og Solgunn Leivdal.

Solgunn Leivdal tok på seg vervet som kasserar.

Styreigsgruppa konstituerer seg sjølv.

På møtet 13.sept vart Marit Botn Lefdal kontaktperson til Senoirnett Norge.

Seniornett Eid planla og gjennomførte Seniorsurfdagen 29.september saman med Eid pensjonistlag sin torsdagskafè frå kl.1100 til 1400.

Her vart aktivitetsplan for Seniornett Eid presentert.

Det vart laga gruppeoppsett med dato og klokkeslett. Instruktørar og medhjelparar vart henta inn og senoirnettklubben var i aktivitet med faste kursdagar frå 4.okt.

På ein skilde kursdagar har vi hatt besøk av: Eid v.g.s m/lærar og elevar den 29.sept. Monrad Kolstad frå Førde den 4.okt., Joop Cuppen frå Seniornett Norge 8.nov. Sparebanken Vest v/

Tom-Øyvind Solheim, region Sogn og Fjordane var med oss 2 dagar 23.nov. og 1.des. for generell informasjon og bruk av Nettbank og sikkerheit.

Eid pensjonistlag var initiativtakar til å få starta opp ein Seniornettklubb i Eid.

Med den snarlege oppstart av Seniornettklubb i Eid takkar styringsgruppa pensjonistlaget for positiv hjelp og støtte til drifta av klubben.

Frå SENIORNETT NORGE har vi fått ein prosjektor som vi takkar hjarleg for. Den vart brukt på ein del av kursa.

Styringsgruppa har hatt 4 møter (13.09-22.09-11.11-06.12).

Styringsgruppa takkar Frivilligsentralen ved Astrid Grete Torheim for positivt og støttande arbeid med å få avvikla Seniornettklubben sine kursdagar og aktiviterar knytta til Seniornett Eid generelt. Ser fram til eit godt og støttande samarbeid i 2012.

Nordfjordeid, 3.januar 2012.

Marit Botn Lefdal

Leiar i styringsgruppa